

## Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 2. september 2014.

Tilstades:

Regionordførar Jon Svartdal, Erik Skjervagen, Arne Vinje, Hilde Alice Vågslid, Torstein Tveito, Halvor Homme, Per Dehli, Ketil Kiland, Jan Myrekrok, Brit Houge, Øystein Tveit, Sverre Sæter, Hans Kristian Lehmann, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg møtte Kari Nordheim Larsen og Stein Elseth frå Fylkesmannen i Telemark og Yngve Carlson frå KS.

Innleiingsvis vart Jan Myrekrok, som nyttilsett rådmann i Vinje, ynskt velkomen i Vest-Telemarkrådet og avgåande rådmann Hans Kristian Lehmann vart takka for god innsats og godt samarbeid.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### Sak 42/2014 Referat frå rådsmøte 27. mai 2014.

Referat frå rådsmøte 27. mai 2014 vart samrøystes godkjent. I den inneleiane oversikten over deltakarar vart Øyvind Tveit retta til Øystein Tveit.

### Sak 43/2014 Kommunereform i Vest-Telemark.

Saken var utsett frå tidlegare møte i påvente av 2 rapportar og den varsla oppstartkonferansen i regi av Fylkesmannen og KS. Det låg føre justert forslag til mandat for eit forstudium som skal avklare kommunanes standpunkt til ei mogleg samanslåing.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til mandat for forstudiet "Kommunereform i Vest-Telemark" med fylgjande endringar:*

*I tillegg til prosjektgruppe og arbeidsgruppe opprettar ein også ei referansegruppe bestående av representantar frå dei tilsette. Gruppen skal bestå av 1 hovudtillitsvalt og 1 hovudverneombod frå kvar av kommunane Dei tilsette sine organisasjonar vel kven som skal delta.*

*Når det gjeld prosjektgruppa skal både ordførarane og rådmennene inngå i denne.*

*Forstudiet skal ligge føre til rådsmøtet 25. november, og deretter handsamast i kvart enkelt kommunestyre for å avgjere om ein skal gå vidare med eit forprosjekt eller ikkje.*

*Samrøystes vedtak.*

### Sak 44/2014 Forutsigbare rammer i vidaregåande skule - forslag til brev til Telemark fylkeskommune.

Nettverksgruppa for vidaregåande skule i Vest-Telemark har bedt om at Vest-Telemarkrådet skriv brev til Telemark fylkeskommune der ein set fram ynskje om auka stabilitet og forutsigbarhet i drifta av den vidaregåande skulen. Vidare vil ein gjerne ha endringar i inntaksreglementet og budsjettfordelingsmodellen. Til møtet låg det føre forslag til brev.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til brev til Telemark fylkeskommune, med slik avsluttande ordlyd:*

*" Vest-Telemarkrådet viser til viktigheten av auka stabilitet og forutsigbarhet i drifta av den vidaregåande skulen, og ber Telemark fylkeskommune om å endre budsjettfordelingsmodellen og inntaksreglementet. Vi ynskjer at dei mange kvalitetane ved Vest-Telemark vidaregåande skule vert vidareført, og ber fylkeskommunen legge til rette for dette. Finansieringssystemet må ha ei meir langsiktig innretning og ta høgde for dei årlege variasjonane i elevtal. Vidare ber vi også om korrigerings i høve til bortfallet av grunnsom for avdelingen i Seljord.*

*Vest-Telemarkrådet ser det som viktig at det vert oppretta ein nærare dialog mellom fylkeskommunen og skulens leiing/nettverksgruppa."*

## **Sak 45/2014 Orienteringssaker.**

### Postombering i utkantstrok.

Oslo Tingrett har i domsavseiing 18. april 2013 gjeve Harald Omnes og 7 andre privatpersonar i Nome medhald i at Posten ikkje har høve til å legge til grunn unntaksbestemmelsen om fritak for levering på strekningar med færre enn 3 husstandar i gjennomsnitt pr. kilometer. Saken er anka til lagmennsrett av Staten/Posten Norge, og i eit tidlegare møte har Vest-Telemarkrådet løyvd midlar for å avlaste privatpersonane i samband med mogleg tap i lagmannsretten. Det er også løyvd midlar frå Telemark fylkeskommune og Nome kommune, og Vest-Telemarkrådet har oppmoda andre regionråd til å bidra for å avlaste privatpersonane som er involvert.

Ankesaken skal opp 25. - 26. september, og regionrådsleiar orienterte frå den siste utviklinga i høve saken.

### Høyring regional plan oppvekst og kompetanse.

Det låg føre høyring om regional plan for oppvekst og kompetanse - forslag til planprogram 2014.

Høyringsfristen var sett til 15. august utan moglegheit for vidare forlenging.

Det vart arrangert startkonferanse i Langesund 21. august, der Vest-Telemarkrådet var representert bl. a. med tanke på mogleg innspel til planprogrammet. Ole Dalen, som hadde vore til stades i oppstartmøtet, orienterte nærare om saken.

### Ny digital læringsarena for kommunane.

KommIT er eit program for IKT-samordning i kommunesektoren, og er i regi av KS.

Regionråda i Telemark har, saman med kommIT, utarbeidd ein felles digital læringsarena der kunnskap blir utvikla og delt kommunane imellom. Opplegget er opent og gratis for kommunane, og så langt i prosjektperioden er det utarbeidd tilbod innanfor informasjonssikkerhet, medisinhåndtering, Office 2010, sakshandsaming innafør helse, samt introduksjonsprogram for nyttilsette.

### Politikarskulen.

Etter opphald i eitt år er no Politikarskulen igang att som undervisningstilbod ved høgskulen i Bø. Heile 40 studentar deltek dette året og undervisninga er samlings- og nettbasert. Ole Dalen deltek som student dette året, og han orienterte nærare om dette viktige studietilbodet som har sine røter i Vest-Telemarkrådet.

### Museumssak, forstudie.

Ole Dalen orienterte nærare om eit forstudium med namnet: "Bygningsvern og kulturvern som motor i Vest-Telemark". Overordna mål er å utvikle Vest-Telemark til eit framtidretta område basert på tradisjon og utvikling. Ein ynskjer å skape nye arbeidsplassar og auka busetting, og eitt av virkemidla kan vera ei internasjonal tilnærming.

### Etablerertenesten.

Ole Dalen orienterte frå arbeidet med å omorganisere og vidareutvikle etablererkontora i Telemark. Dei 4 regionane, saman med fylkeskommunen, ynskjer å etablere eit 2-årig prosjekt som mellom anna skal gje svar på korleis den framtidige tenesten bør utformast. Ein ynskjer å auke russursutnyttinga ved auka samarbeid over regiongrensene. Vidare tek ein sikte på å utarbeide ein felles handlingsplan i høve til kompetanseutvikling, marknadsføring, felles kurs, moglege felles prosjekt osb. Prosjektperioden er 2015 - 2016.

### Vest-Telemarkkonferansen 2015.

Regionrådsleiar orienterte kort frå eit møte i arbeidsgruppa der det ligg føre forslag om å bygge komande konferanse med tema knytt opp mot næringsminister Monica Mæland og den nye leiaren av Innovasjon Norge, Anita Krohn Traaseth. Ein ynskjer også å involvere kommunane på ein betre måte slik ein tildømes gjorde tidlegare, der kommunane inviterte kommunestyrepresentantane på kommunens rekning.

### Strukturprosessen for reiselivet i Telemark.

Nærings- og fiskeridepartementet har bedt reiselivsnæringa sjølv slutføre prosessen med organiseringa av reiselivet. Innan utgangen av året skal det utarbeidast ein forretningsplan og forslag til vidare organisering. Mellom anna ynskjer ein å møte kommunane og hente inn informasjon om kvar enkelt kommune sin plan for reiselivet og deira tankar kring økonomi, ressursbruk og behov for tenester.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane om dei ulike sakene til vitande.*

*Når det gjeld strukturprosessen innan reiselivet, vil Vest-Telemarkrådet be om ei nærare orientering på neste rådsmøte til dømes frå Stein Birger Johnsen.*

### **Sak 46/2014 Utbyggingsstrategi for riksvegane.**

Tilstades i denne saken var Kjell Solheim og Gro Rønningen frå Statens vegvesen samt Børge Skårdal frå E134 Haukelivegen AS.

Kjell Solheim viste innleiingsvis til rulleringa av Nasjonal Transportplan og at det er viktig å ha ein felles strategi for riksvegane i høve til nytt handlingsprogram frå 2017.

Vest-Telemarkrådet fekk ei oppdatering om dei ulike vegprosjekta i Telemark, og Børge Skårdal orienterte kort frå ein ny rapport om nytte/kostnadsvurdering av utbyggingstiltak på E134.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande, og vil kome attende til oppretting av ei mogleg arbeidsgruppe.*

### **Sak 47/2014 Regional plan for samordna areal og transport i Telemark.**

#### **Fleirkjernestruktur eller hierarkisk senterstruktur i Vest-Telemark.**

I denne saken var Aslaug Norendal og Lene Hennem frå Telemark fylkeskommune tilstades. I tillegg møtte prosessvegleiar Herleik Tosterud frå firmaet Lent og Knut Vareide frå Telemarkforskning.

Administrasjonen hadde i siste fylkesting fått i oppdrag å greie ut spørsmålet omkring val av senterstruktur i Vest-Telemark. Dette punktet i ATP vart utsett i nemnde møte, og skal opp til seinare handsaming i Fylkestinget.

Aslaug Norendal orienterte innleiingsvis om vedtaket i Telemark fylkeskommune. Herleik Tosterud frå firmaet Lent var engasjert som prosessvegleiar i saken, og det vart gjennomført gruppearbeid. Med utgangspunkt i pendlingsstatistikken gjorde Knut Vareide greie for verknaden for kvar enkelt kommune ved tilføring av nye arbeidsplassar.

Det vart på møtet sett fram to forslag til vedtak:

1. "Vest-Telemarkrådet tilrår at Telemark fylkeskommune i si avsluttande handsaming av regional plan for samordna areal og transport vidarefører fleirkjernestruktur i Vest-Telemark."

2. "Vest-Telemarkrådet tilrår at Telemark fylkeskommune i si avsluttande handsaming av regional plan for samordna areal og transport legg opp til hierarkisk senterstruktur i Vest-Telemark med Seljord og Åmot som regionsenter."

*Vedtak: "Vest-Telemarkrådet tilrår at Telemark fylkeskommune i si avsluttande handsaming av regional plan for samordna areal og transport vidarefører fleirkjernestruktur i Vest-Telemark." Vedteke mot 1 stemme.*

Referent: Kjell Gunnar Heggenes